

A R B E I D S O R D N I N G

1. Møte er ope for pressa.
2. Til å leia møtet vert det vald 2 dirigentar. Dirigentane ordnar leiinga av møtet seg imellom. Til å føre protokollen vert det vald 2 sekretærar.
I protokollen innføres kun forslagene, røystingane, talerliste og de fattede vedtakene.
3. Ingen har rett til å få ordet meir enn 2 gonger til same sak. Taletida vert sett til 3 minuttar første gongen og 1 minutt andre gongen. Dirigenten har - når han/ho finn det turvande - rett til å fremja forslag om ytterlegare avgrensing i taletida og strek med innteikna talarar. I den grad dei finn det føremålstenleg, kan dirigentane foreslå endringar i rekkefølgja på punkta i den vedtekne dagsorden.

Det er delegatane som har tale- og forslagsrett.

4. Ingen får ordet til forretningsorden meir enn ein gong, og høgst 2 minuttar til kvart punkt på dagsorden.
5. Framlegg må leverast skriftleg (digitalt), merket med vedkomande sitt namn og kommuneparti. Under handsaming av kandidatar til fylkestingsvallisten må forslag fremjast i den generelle debatten. Framlegg kan ikkje fremjast etter at strek er sett.
6. Delegater som forlet møtet før avslutninga skal be om permisjon, stemmekort og stemmesetlar skal leverast til dirigentbordet. Dersom vararepresentant skal møte på deler av møtet, skal dette varslast ved registrering.
7. Skal ein representant ha stemmerett, må denne vera registrert ved konstituering. Dersom representantar vert forhindra frå å møte innanfor denne tidsramma, må sekretariatet varslast. Ved slike høve kan det bli gjeve dispensasjon.
8. Dersom ein representant mistar stemmekort eller stemmesedlar, vert det ikkje utdelt nye.
9. Alle vedtak vert fatta med alminnelig fleirtal. Dersom nokon forlangar det, vert det føreteke skriftleg avrøysting.
10. Fylkesstyret får fullmakt til å godkjenna protokollen